



Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/707-1

Midlar til mindre skredsikringstiltak for 2018

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Løyvinga til mindre skredsikringstiltak for 2018 vert fordelt slik:
 - Fv. 53 Galden (Vassbugen) i Årdal kommunen - 10 mill. kr

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

Oversikt over skredsikringsbehov på fylkesvegar i Sogn og Fjordane:

[Skredsikringsbehov Region vest](#)

FT-sak 57/2017 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027

FT-sak 59/2017 Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I budsjettet for 2018 er det sett av ei ufordelt løyving på 10 mill. kr til mindre skredsikringstiltak.

I denne saka gjer vi framlegg til korleis desse ufordelte midlane skal nyttast i 2018.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget vedtok Regional transportplan for 2018-2027 i sak 57/2017. Her vart det sett av midlar til Mindre skredsikringstiltak-ufordelt.

I samband med fylkestinget si handsaming av budsjett for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021 vart det løyvd 10 mill. kr til Mindre skredsikringstiltak-ufordelt i 2018 og 20 mill. kr kvart av åra 2019-2021 i samsvar med ramme i Regional transportplan.

Sentrale problemstillinger


Prioritering av midlar til mindre skredsikringstiltak tek utgangspunkt skredsikringsbehov for fylkesvegar i Sogn og Fjordane. Fv. 53 Galden (Vassbugen) i Årdal er neste mindre tiltak på lista og står under kategorien Høg skredfaktor.

Fv. 53 Galden (Vassbugen) i Årdal kommune

Fv. 53 Galden (Vassbugen) i Årdal kommune fekk tilført midlar til prosjektering i 2017 på kr 100.000.

Det er planlagt å setje opp 700 meter fanggjerde fordelt på tre ulike gjerde. I tillegg skal det gjerast fjellreinsk. Området som skal sikrast er synt i figuren under.

Prosjektet er ferdig prosjektert og klart til utlysing med det første.



2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fv. 53 Galden (Vassbugen) har eit kostnadsoverslag på 11 mill. kr. Fylkesdirektøren foreslår at prosjektet får tildelt 10 mill. kr som er løyvd til Mindre skredsikringstiltak–ufordelt i 2018. Eventuelt behov for restfinansiering vert vurdert løyst innanfor ramma til skredsikring i samband med tertialrapportane i 2018.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at løvvinga til Mindre skredsikringstiltak–ufordelt på 10 mill. kr vert nytta til fanggjerde og fjellreinsk på fv. 53 Galden (Vassbugen) i Årdal.